



Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1360 - 16/21787

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
16.08.2016

Gbnr 244/41 Eidsnes Indre. Løyve til deling av areal til industri.

Eigedom: Gnr.244 bnr. 41 Eidsnes indre
Adresse for eiged.: Eidsnes, 5913 Eikangervåg.
Type tiltak: Deling av grunneigedom, areal til industri.
Heimelshavar: ATR Eigedom AS
Søker: Tippetue Arkitekter AS

Saka gjeld:

ATR Eigedom AS eig gnr. 244 bnr.41 som er del av industrialeral på Eidsnes. Det vert no søkt om å få dele frå 20000m2 frå det regulerte arealet. Det er Nordhordland Maritime Næringspark AS som skal overtake arealet.

Arealet skal nyttast i samsvar med plan.

Plansituasjon/dispensasjonar:

For området gjeld reguleringsplan for Eidsnes Næringsområde (plan-id: 1263-201115). Planen omfattar fleire eigedommar og 244/41 er ein av desse. Det er ingen rekkefølgekrav i føresegnene for planen som gjeld tiltak i høve pbl §20-1.

Det er ikkje naudsynt med dispensasjon.

Nabovarsel:

Naboane er varsla, og det er ikkje komme merknad til tiltaket.

Tilkomst/avløp og vassforsyning:

Det er tilkomst, vassforsyning og avløp til eigedommen i samsvar med reguleringsplanen.

VEDTAK:

Med heimel i Pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå ein parsell på 20000m2 frå gnr.244 bnr.41 slik det er søkt om og synt på kart vedlagd søknaden. Arealet skal nyttast til industri i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Grunngjeving for vedtaket:



Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådelling av ein parsell på om lag 20000m² frå ein eigedom som er regulert til industri. Delinga er i samsvar med planen og føremålet med delinga er å nytta arealet til industri.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i Pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke av kommunestyret 17.desember 2015, gjeldande for 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med godkjend plan, grensene ikkje fastsett i planen kr.6900,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå ein fekk vite om avgjerda, jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Frøydis Ones
konst. avdelingsleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tippetue Arkitekter AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN